

Vil ha mataktørar til bords

Vekst i Stordal er villig til å leggje til rette for ei storsatsing innan foredling av mat. No ønskjer dei å kome i kontakt med små og mellomstore matprodusentar i regionen for å drøfte idear.

På indre Sunnmøre er det mange verksemder som lagar mykje god mat. No vil Vekst i Stordal bidra til at dei aktørane som finst frå før kan vakse vidare og at fleire kan etablere seg.

- Vi kjem i tida framover til å gå i dialog med flest mogleg av dei som driv med lokal mat og spesialitetar for å finne ut om dei har behov som vi i fellesskap kan løyse. Målet er at verksemdene lettare skal kunne få utvikle seg og utnytte moglegheitene dei har fullt ut, seier Harald Espeland, prosjektleiar i Vekst i Stordal.

Primær og sekundær

Landbruket står sterkt innover fjordane, og mange har vore flinke til å foredle råvarene til unike produkt. I Stordal har ein i tillegg utvikla stor kompetanse over tid innan sekundærnæring som til dømes møbelproduksjon.

- Møbel og mat har mykje til felles. Begge deler er varer som er retta mot sluttbrukarane i marknaden, og det er produkt som kundane skal ta med seg inn i heimen. Vi synast det hadde vore spanande å få til ei kopling mellom kompetansen i landbruket og kompetansen i industrien vår og på den måten gi matprodusentane eit løft, seier Espeland.

Gå saman om utstyr

Han peikar mellom anna på moglegheita for å gå saman om å nytte utstyr som elles vil vere for dyrt for kvar einskild matprodusent å skaffe seg.

- Kan vi få til eit effektivt tilbod innan produksjon, lager og logistikk, slik at fleire aktørar kan nytte same utstyret og felles avtalar med leverandørar? Samstundes som vi sikrar at identiteten til produkta blir teken vare på? Kan det vere aktuelt å samarbeide om marknadsapparat? Dette er spørsmål vi ønskjer å finne svar på saman med aktørane i bransjen, seier Espeland.

Små og mellomstore

Han understreker at Vekst i Stordal er villig til å bidra med ressursar i ei slik satsing, dersom mataktørane i regionen ønskjer å nytte denne moglegheita til å utvikle seg.

- Vi ønskjer å leggje til rette for ei satsing der dei små og mellomstore aktørane kan hente synergjar, spare pengar og bli meir lønsame – for på den måten å kunne utvikle verksemda si og produkta sine vidare, seier Espeland